



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		
Ungdomsrådet		
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne		

Årsmelding 2022

Dokument i saka https://apppublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2022/vinje/d1de09e1-f0bb-4ec4-baab-257d6b1a99c5/mr-202212-%C3%A5rsmelding_2022/#/home

Bakgrunn

Årsmeldinga for 2022 er ein samlerapport. Den skal saman med årsrekneskapen gi opplysningar om tilhøve som er viktige for å vurdere kommunens økonomiske stilling og resultat av verksemda som ikkje går fram av rekneskapen, samt andre tilhøve av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga inneheld vurderingar knytt til eigne vedtekne driftsmål og opplysningar frå KOSTRA. Desse samanlikningane gjev eit bilete av drifta i kommunen samanlikna med andre kommunar og landet elles. Årsmeldinga er i hovudsak utarbeidd for kommunestyret og den kommunale organisasjonen på ulike nivå.

Vurdering

Kommunens økonomiske handlefridom har betra seg siste to åra, og hovudårsaka er sjølvsgatt kraftinntektene som har vakse monaleg. Med store oppgåver i åra som kjem både innan oppvekst og omsorg gjev det ein tryggleik.

Flyktningstraumen frå Ukraina har medført nye utfordringar for lokalsamfunnet og kommunens tenesteproduksjon. Det blei lagt ned ein kjempeinnsats for å få på plass både bustader og introduksjonsordning, og dette la grunnlaget for at kommunen busette over 60 personar i 2022.

Innom fleire område opplever kommunen no store rekrutteringsvanskar, og innleige frå vikarbyrå har auka betydeleg det siste året. Innanfor helse og meistring har slike utgifter vore over kr 8 mill i 2022. Med omsyn til brukarar, arbeidsmiljø, kvaliteten på tenesteytinga og kostnadsfokus er dette ei ugunstig utvikling.


Trass i at pandemien braut ut i mars 2020, så vart ikkje samla sjukefråvær mykje høgare i 2020 samanlikna med 2019. Når ein ser tala for 2021 og 2022 forstår ein likevel korleis pandemien har hatt stor påverknadskraft. Større endringar i arbeidssituasjon og arbeidsoppgåver, nokre stader

omlegging av drifta, arbeid under strenge smitteverntiltak over lang tid og innføring av nye rutinar/retningslinjer har sett sitt preg på arbeidskvardagen. Tidvis høg smitte i samfunnet medførte auka korttids- og langtidsfråvær, relatert til både sjukdom og karantenerreglar. Slitasje på tilsette over tid har medført eit enno høgare sjukefråvær i 2022 enn i 2021. Leiarar har tett oppfølging av sjukefråværet og forsøker å leggje til rette så langt det let seg gjera.

Årsrekneskapen for 2022 viser eit netto driftsresultat på omlag kr 56,9 mill. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er 7,0 % (for 2021 var dette talet 8,7 %). Nokre av hovudårsakene til det gode resultatet er:

- Solide inntekter frå sal av kraft (auka netto kraftinntekter med omlag kr 49 mill samanlikna med 2021)
- Høge inntekter frå KKST som blir sett av på næringsfond (auke med omlag kr 31 mill samanlikna med 2021)
- Sterk skattevekst mot slutten av året (auka skatteinntekter med omlag kr 15 mill samanlikna med 2021)
- Nokre verksemdar kan vise til større mindreforbruk i 2022, men det er viktig å vere klar over at store delar er bunde opp i framtidige utbetalingar. Andre verksemdar har større meirforbruk, som er nærare omtala under kvart tenesteområde/verksemd.

Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 1,75 % for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatbegrepet ikkje fangar opp alle kostnader slik det gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadene ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner m.v. (tidlegare 3 %) er ikkje trekt ifrå når netto driftsresultat blir utrekna – berre avdraga på låna.



Framdrifta på investeringane var noko lågare enn forventa, og det vart ikkje behov for større delar av budsjettrett overføring frå drift (fondsbruk) til investering. Behovet for oppattløyvingar frå 2022 til 2023 utgjer omlag kr 24,8 mill, og for å finansiere dette vil det derimot bli bruk for overføring frå drift (fondsbruk) i 2023. Totalt vart det investert for omlag kr 88,8 mill i anleggsmidlar i 2022, i tillegg til omlag kr 1,4 mill i eigenkapitalinnskot i KLP.

Balansen er på totalt kr 2,54 mrd. Anleggsmidlar har auka med kr 31 mill, omløpsmidlar har auka med kr 78 mill, medan langsiktig gjeld har auka med kr 32,5 mill. Kommunen har eit premiefond i

KLP der saldo ved årsskiftet var omlag kr 32,4 mill. Desse midlane skal ikkje balanseførast i kommunen rekneskap, men er midlar som kan nyttast til framtidige premiebetalingar.

Elles syner rådmannen til årsmeldinga som ein finn ved å fylgje lenkja nemnt øvst under «Dokument i saka».

Rådmannens framlegg til vedtak

Årsmelding for 2022 vert godkjent.

Saksframlegg er godkjent av rådmann, Jan Myrekrok 30.05.2023.